

Vår ref.: P1545 Dato 15.03.2019

## Planinitiativ – framlegg til detaljplan Barnehage Godøya, gnr./bnr. 124/55 og 378 m. fl. – Giske kommune

Etter [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter pbl.](#) skal det utarbeidast planinitiativ til kommunen seinast samtidig med førespurnad om oppstartsmøte etter pbl. § 12.8. Planinitiativet skal i nødvendig grad omtale premissane for det vidare planarbeidet, og gjere greie for punkta under.



Figur 1 Framlegg til plangrense, ny barnehage ved Godøy stadion og gamle Tryggheim barnehage i aust, Godøya

## 1. Lokalisering

Planområdet er to områder på Godøya, eksisterande barnehage på Valkvæ (gnr./bnr. 124/378) og ny barnehage tomt ved Godøy stadion (gnr./bnr. 124/55).



Figur 2 Lokalisering av planområdet på Godøya, markert med blå avgrensning.

## 2. Bakgrunn

Planinitiativet er med bakgrunn i behov for meir uteareal og fleire avdelingar for Tryggheim barnehage.

Initiativtakar: NLM- barnehagene AS avd. Tryggheim Barnehage, Godøy

Plankonsulent: OSE AS

## 3. Målet med planen

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Ny barnehage med 6 avdelingar
- Regulere inn felles parkering med Godøy IL
- Omregulere dagens barnehage til omsorgsbustad/bustadar

## 4. Faglege eller politiske avklaringar

Tryggheim barnehage har hatt fleire møter med kommunen om lokalisering av ny barnehage og ny bruk av dagens barnehage tomt.

## 5. Føringer

Lov og forskrift

- Plan- og bygningslova (pbl.)
- Forskrift til pbl.
- Naturmangfaldlova
- Barnehageloven

Overordna planar:

- Nasjonalt

[Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging](#)

[RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#)

[Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen](#)

- Regionalt


[Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017 – 2020](#)

[Regional delplan for klima og energi](#)


[Regional delplan for attraktive byar og tettstadar](#)

- Kommunalt

- Kommuneplanen sin samfunnsdel
- Kommuneplanen sin arealdel



Figur 3 Utsnitt av kommuneplanen sin arealdel, planområdet markert med blåe sirkler.



Figur 4 Oversikt over gjeldande reguleringsplanar, planområdet markert med blåe sirkler.

## 6. Framlegg til plangrense med omtale av planområda

- Planavgrensing ny barnehage, Godøy stadion

Plangrensa følgjer eigedomsgrense til gnr./bnr. 124/55, med del av gnr./bnr. 124/248.

- Arealet er i arealdelen sett av til kombinasjonsformål – bustad, privat eller offentleg tenesteyting.
- Området er delvis regulert, bnr. 55 er regulert til frittliggende småhus. Det er ikke ført opp bygg innanfor avgrensinga.
- Planområdet har tilkomst til kommunal veg.
- Arealet er på omlag 9,4 daa.

- Planavgrensing gamle Tryggheim barnehage

Plangrensa følgjer eigedomsgrense til gnr./bnr. 124/378, 517, 562 og 563.

- Arealet er i arealdelen sett av til offentleg eller privat tenesteyting.
- Området er regulert til allmennytting formål, barnehage. På området står det hus.
- Planområdet har tilkomst til kommunal veg.
- Arealet er på omlag 4,3 daa.

## **7. Presentasjon planideen**

- Bakgrunn for regulering  
Tilrettelegging for å bygge ny attraktiv barnehage og bustadar/omsorgsbustadar.  
Barnehage med 3 avdelingar for barn under 3 år og 3 avdelingar for barn over 3 år.  
Bevare noko av uteområdet slik det er, lage soner med apparat/leikeområde tilpassa ulike aldersgrupper. Det er dialog med Godøy IL og Tryggheim om samarbeid for å opparbeide parkeringsplass.
- Bygningar, anlegg og tiltak  
Tilrettelegging for ny barnehage og ombygging/sanering av eksisterande barnehage for å bygge omsorgsbustadar/bustadar.
- Utbyggingsvolum; byggjehøgde og utnytting  
Byggjehøgde i samsvar med pbl; gesimshøgd inntil 8 m og mønehøgd inntil 9 m.  
Utnyttingsgrad i samsvar med samfunnsdelen og arealdel for bustad: inntil 30 % BYA for frittliggende bustad, inntil 35 % BYA for to mannsbustadar og inntil % 40 for konsentrert småhusbusetnad.  
Regulering av barnehage i samsvar med arealkrav til inne og ute areal.
- Verknad på og tilpassing til landskap og omgivnad  
Det blir sett krav til estetikk, materialbruk, fargeval og utforming av nye bygg for å tilpasse utbygginga til landskap og omgivnad.
- Utviklingsfasar  
Det blir vurdert/omtalt i planomtalen korleis området skal utviklast.
- Rekkjefølgjekrav  
Det blir lagt opp til rekkjefølgjekrav, ny barnehage kan ikkje takast i bruk før høgspentleidning er lagt i kabel. Nødvendig veg og teknisk infrastruktur er bygd ut for planområdet.

## **8. Medverknad/samarbeid/interessekonflikt**

Medverknadsstrategi

- Det blir vurdert behov for medverknadsmøte etter innkomne merknadar.  
Dette blir avklart etter at høyringsfristen til oppstart av planarbeid er gått ut.

Interesser/interessentar som blir råka av plan

- Naboar
- Statens vegvesen
- Godøy IL

Varsling av planarbeid

I samband med oppstart av planarbeid skal varsel sendast til:

- Statens vegvesen
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune

- NVE
- Mørenett AS
- Giske kommune

## **9. ROS, samfunnstryggleik**

Fylkesmannen si sjekkliste blir nytta, med samandrag i eige kapittel i planomtalen. Det er ikkje registrert naturfare i området. Det går høgspentlinje gjennom planområdet, det må gjennomførast avbøtande tiltak før ny barnehage kan takast i bruk.

## **10. Vurdering etter forskrift om konsekvensutredninger**

Framlegg til arealbruk er i hovudsak i samsvar med overordna planar, jamfør § 6 i KU-forskrifta. Tiltaka vil ikkje få vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta. Det vert vurdert at det for detaljplanen ikkje er krav om konsekvensutgreiing.

## **11. Analyser/utgreiinger**

Moglege utgreiinger:

- Grunnforhold – geoteknikk  
Ikkje behov, grunnforholda er kjende og gode i planområdet.
- Grunnforhold – forureina grunn  
Det er ikkje kjent at det er forureina grunn innanfor planområdet.
- Trafikkutgreiing  
Ikkje behov for ekstern utgreiing, blir vurdert i planomtalen.
- Støyutgreiing  
Det vil ikkje vere behov for støyutgreiing, planområdet blir ikkje råka av vegstøy eller anna støy.
- Kulturmiljø og kulturminne  
Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet eller like ved. Det er heller ikkje registrert nyare tids kulturminne innanfor eller like ved planområdet.
- Vann-, avløps- og overvasshandtering  
Avklarast i dialog med Giske kommune.
- Undersøking knytt til biologisk mangfold  
Det er ikkje registrert truga eller sårbare artar, viktige naturtypar, verneområde eller liknande i eller like ved planområdet. Blir omtala i planomtalen.
- Handelsanalyse  
Ikkje behov.

- Stadanalyse  
Ikke behov

Med helsing

Bjarte F Friisvold

Bjarte F Friisvold  
Seksjonsleiar PIL  
Arealplanleggar  
Mob 974 89 987  
E-post [bjarte@oseing.no](mailto:bjarte@oseing.no)  
[Oseing.no](http://Oseing.no)

Vedlegg  
Ortofoto med plangrense